



Notat frå rektormøte i Lindås ungdomsskulekrins

Tid: onsdag 27.5.15 kl 8.30 -11.00

Stad: Lindås ungdomsskule

Møteleiar: Ragna

Referent: Henriette

Nytt og godt: Myking skule får halda fram inntil vidare. Nils håper prosessen blir betre neste gong. God gjennomføring av skriftleg eksamen på Lindås u. På Lindås b er møbeltinging sendt. Førskuledag på Lindås b i dag. Går greitt med skulemiljøet i dei store klassane. Ragna: Kommunedelplan skule er ferdig og organiseringa av oppvekst er stort sett ferdig. Det går greitt politisk.

31/14-15: Oppfølging av referat frå 29.1.15 og godkjenning av sakliste.

Ungdomsskulen må få oppdaterte lister over kva elevar som skal starte på Danielsen.

32/14-15 Drøftingssaker/Arbeidssaker/ Avgjerdssaker

a) Samarbeid i ungdomsskulekrinsen neste skuleår

a. Kva? Når? Ansvar?

Har hatt eit samarbeidsmøte i ungdomsskulekrinsen om NP og grunnleggjande ferdigheiter. Dette skal halde fram i slutten av januar. Ungdomsskulerektoren er ansvarleg.

Ungdomsskulerektor tar ansvar for å invitere barneskulerektorane, inklusive Montessorri til hausten. Vi må vere «frampå» og rekruttere elevar til ungdomsskulen.

Ha «FairPlay» på hausten, dommarar frå ungdomsskulen, Lbs har ansvar for invitasjon og rammer og Myking deltar praktisk.

Samarbeid om ungdomsmiljø må vere sak på rektormøtet vårt om hausten.

b) Kap 9a, praksis og erfaring (runde og samråding)

Dokument: Lindås kommune sine Retningslinjer for systematisk arbeid med elevane sitt skulemiljø av 2012

a. Vedtak. Er det klarare når vedtak skal gjerast? Kva er viktig å hugsa på i vedtaka?

Har de prosedyrer før vedtak blir gjort? Kor mange vedtak i år?, Fellestrekk?

I klagesaker må eleven sitt syn kome fram, eventuelt foreldra sitt syn og det må gjerne vere ein uhilda person som snakkar med eleven.

b. Korleis vert handlingsplikta forstått og praktisert? Jmfr spørsmål s 6 i retningslinene-

Dei tilsette ved skulen har ei sjølvstendig plikt til å melde frå om og snarast undersøkje om han ser at eleven blir mobba eller har det vanskeleg.

Ragna sender oppdaterte retningslinjer for handsaming av §9a 2012

c) Overgang til ny arbeidstidsavtale SFS 2213 (runde og samråding)

Kva er hovudtema og lette/vanskelege tema i møta med tillitsvalde på skulen?

Kva ynskjer de av ein felles mal dersom han skal vera til nytte lokalt?

- *Kva er stillinga samansett av, bør vere med i ein arbeidsplan. Vi har diskutert innhaldet*

d) Retningsliner for språklege minoritetar – implementering (utsett frå førre møte)

Status på skulane:

Skulane meiner dei har gode prosedyrar på regelverket. Stundom har ein måtta sett i gang særskild norskopplæring etter kvart som eleven blir eldre og omgrepsapparatet skal auke.

Ragna sender ut reviderte retningsliner. Frå hausten 2015 skal det vere ei liste over kva elevar som har vedtak. Rektor må sjekke prosedyrane sine etter dei nye retningslinene.

33/14-15 Informasjonssaker (Alle kan melde saker her)

a) Info frå kommunen.

Informasjon om organisering av oppvekst. Organiseringa er på plass. Til hausten skal det jobbast med kvalitet. Det blir gjennomført samtalar med tilsette som vil få endra stillingsinnhald. Endringane vil bli iverksett f.o.m. 01.august 2015. Må informerast om i personala.

a) Info frå Fylkesmannen

▪

b) Info frå UDIR

34/14-15 Statussaker

| SAK: | Status: | Vidare arbeid | Framdrift | Ansvar |
|---------------------------------------|---|--|----------------------------------|--------|
| Samarbeid om 7. klassingane i eininga | Status 29.1: Fair-play/dato: 06.05 gjennomført | <i>Planleggja vidareføring</i> | 27.5.15 | |
| Rekneskap pr dato | <i>Status 27.05.15: Vi har kontroll, med refusjonar vil vi kome i balanse. Det blir budsjettjustering etter tildelingar for 15-16 til hausten.</i> | <i>Oppfølging av skulen sitt budsjett ved tilsetjingar</i> | | Ragna |
| Heimesidene til skulane | <i>Skulane i Ostereidet krins skulle prøva ut ny plattform. Dei har ikkje</i> | | Sak på skuleleiarmøte 24.6.15 | Ragna |

| | | | | |
|--|--|--|---|-----------|
| | <i>starta endå.</i> | | | |
| Retningslinjer for språklege minoritetar | Sendt ut på e-post 30.10.14 | Implementera retningslinjene og sjå til at dei vert brukt av tilsette og leing | Vidare arbeid med implementering i 2015-16 | rektorane |
| Særskild språkopplæring | Kvar står vi når det gjeld kartlegging og vedtak | At alle skular har det på plass for alle minoritetsspråklege elevar innan utgangen av oktober. | Status 27.5 Manglar framleis vedtak, men undervisninga går (LBS) | rektor |

35-14/15: Skuleleiarmøtet i eininga

a) Vurdering av møtet

Neste møte: (i krinsen)

Dette er det siste møtet vi har i Lindås ungdomsskulekrins.

36-14/15: Eventuelt

Henriette/Ragna